

# Finnøy innestengd?

Det ser ut som om utspela mine i samband med høyring av ferjeruter i Finnøy-sambandet har råka noko.

Kjell Nes, ordførar i Finnøy

Det har kome eit par-debattinlegg som krev noko oppklaring. Andersen seier at Finnøyordføraren krev ferja vekk frå Nedstrand. Det stemmer ikkje. Eg har sagt at det undrar meg at Vegvesenet ikkje legg vekt på fylkestingvedtaket som seier at Nedstrand skal ut etter Finnfast, og erstattast med Jelsa.


**AT ANDERSEN** meiner eg går ut over mandatet mitt, er eg usamdi. Invitasjonen alle aktuelle kommunane fekk til det innleiande møtet om saka, var faktisk at grunnlaget for arbeidet skulle vera rapporten som enda i vedtaket i fylkestinget (FT-sak 69/05) og som legg ned Nedstrand som anløpsstad for Finnøysambandet.

Eit anna tema Andersen legg vekt på, er «riksvegferje». Og han gjer eit nummer av at ein skarve ordførar ikkje skal bry seg med dette. Eg trur at Andersen er dårlig informert i denne saka. Dette er i dag ei kombinert riks- og fylkesvegferje. Frå 1. januar 2010 har samferdselsminister Navarsete skrive i svar til stortingsrepresentant Høybråten at dette er eit regionvegsamband. Med andre ord: Opp til regionen (fylket) å styra. Det er altså berre to månader neste haust som det er att noko «riks» i dette endra sambandet. Og Navarsete skriv slik: «Etter 2010 vil det være opptil de nye regionene å vurdere tilbuddet på de regionale ferjestrekningene, også Finnøysambandet.»

På bakgrunn av dette må det vera heilt på sin plass for meg å spørja etter samsvar mellom vedtak og forslag. Men å leggja ned Nedstrand, vert aldri vårt fokus dersom tilbodet elles vert tilfredsstillande for oss.

**OG FINNØY HAR GJORT** valet sitt. For oss høyrest det meiningslaust ut å spørja om me vil stenga oss inne, når me med Finnfast får vegutlysing for 2/3 av innbyggjarane våre.

Dette sambandet er ikkje lenger ei fjordkryssing, men eit tilbod til øyane inst i Boknafjorden. Og det er ressursane til dette som me knivar om å få vår rette del av,



**FINNØY OG FERJE:** Debatten går livleg om ferjesituasjonen etter Finnfast. Her er det utsikt ut vinndaugen på blå himmel og fjorden med ferje. (Foto: Jonas Haarr Friestad)

## Eit underleg spørsmål

### Det må meir driftstid inn i sambandet, konsentrert i den reiseretninga som folk bruker.

og auka noko. Men Andersen har eit forslag om å bruka endå meir av denne ressursen, ser det ut for meg, på dei lange strekningane med lite trafikk.

Det er ikkje i Finnøy si interesse. Til dømes var det 399 personbileiningar (pbe) på strekninga Judaberg-Nedstrand til mai i år. Til samanlikning var det mellom Fogn og Judaberg 1407 pbe og Fogn-Hanasand 11330 pbe i same tidsrom.

Tilsvarande statistikk gjeld for dei nordre øyane i kommunen òg. Mot sør er talet tusenvis pbe i denne perioden, medan mot Nedstrand er det hundrer. Sjølv frå Nesheim er det om lag 10 gonger så stor trafikk sørover, som mot Nedstrand i denne perioden.

**DETTE KAN ÒG** vera noko av svaret på spørsmålet frå Persett 2. august. Rett nok har ikkje eg forlangt den store auken av anløp til Fogn. Men ruterådet vårt har i det forslaget dei meiner er det ideelle, eit slikt tal. Og me ynskjer sjølv sagt ei betring av tilbodet til alle øyane våre. Det har me heller ikkje gitt opp. Men då må det meir driftstid inn i sambandet. Og den tida må konsentrerast i den reiseretninga som folk bruker. Då er det nok rett at Nesheim er ute, noko som er avgjort for lenge sidan.

Elles er det rett som Persett peikar på, at det er mange merkelege avgangstider i Vegvesenet sitt forslag. Fleire turar vil krevja ein fart på 18 mil i staden for 12 mils fart som no.